



Kommunane i Møre og Romsdal

Politikaropplæring Januar 2016

Etter haustens kommunestyreval tilbyr fylkesmannen opplæring om ulikt regelverk som politikarane i kommunane har nytte av å kjenne til.

Opplæringa er planlagt med ein fellesdel i plenum om generelle tema, der det mellom anna vert orientert om busetnad av flyktningar i kommunane.

Etter lunsj blir det parallelle sesjonar om mange viktige tema innan den kommunale verksemda. Her vert alle innlegg halde to gonger med ei pause i mellom, slik at alle deltakarane kan få med seg to foredrag. Dette blir i mindre grupper og det vil bli gode moglegheiter til spørsmål og dialog.

For å lette den økonomiske belastninga på kommunane, er deltakinga for politikarane gratis. I tillegg dekkjer fylkesmannen kr 1000,- pr deltakande politikar. Evt andre deltakarar frå kommunane må betale prisen for ei dagpakke på det enkelte hotell.

Opplæringa vil bli gjennomført fire stadar i fylket frå klokka 0900 til 1545, og deltakarane står fritt til å melde seg på der det høver best.

- 6. januar Surnadal - Thon Hotel Vårsøg
- 7. januar Molde - Quality Hotel Alexandra
- 13. januar Ålesund – Scandic Hotel Parken
- 14. januar Ulstein – Quality Hotel Ulstein

For å utøve rolla som politikar på ein god måte, må ein kjenne til det politiske handlingsrommet innafor mange sektorar i den kommunale verksemda. Fylkesmannen vil derfor oppmode alle politikarane i kommunestyra til å delta på denne opplæringa.

Frist for påmelding er 18. desember 2015 og påmeldinga skjer på fylkesmannen si heimeside.

Med helsing

Lodve Solholm

Helge Mogstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Program for politikaropplæring

